



**SPAR Uskedalen har klart det ein gong til: Som i fjor er butikken kåra som den beste på service av dei 302 SPAR- og EUROSPAR-butikkane i heile landet. Og ikkje nok med det: Frå i fjor har butikken klatra frå andre- til førsteplassen i score også utifrå ei totalvurdering, som inneheld mange kriteriar.**

**- Eg er både audmjuk, rørt, glad og stolt.**

**Det er tett i toppen i denne tevlinga, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no**



Glede i kassa måndag føremiddag: Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg saman med kunde Gunn Kristin Dagestad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er kundane sin eigen dom som nok ein gong har ført SPAR-butikken til topps.

- Det er noko som i seg sjølv svært forpliktande, seier Bente.

Det var under ei SPAR-samling i Oslo i helga resultatet for 2009 vart kunngjort og Kjersti Børve og Vigdis Haugland kunne ta imot den velfortente diplomen som no har fått heidersplassen i butikken.

Bente varslar ei skikkeleg feiring saman med kundane noko seinare, men kva som skal skje er ikkje planlagt enno.

Den daglege leiar er raskt ute med å berømma dei 18 ansatte:

- Eg er stolte av dei, det er dei som skal ha æra for denne prestasjonen. Og det er viktig å slå fast at det er heilt naturleg for staben å yta god service. Dette er ikkje noko som er inndrilla, det ligg så å seia i butikkens sjel. Eg trur ikkje nokon av dei går rundt og tenkjer på kundeundersøkjinga dagleg, seier Bente Nilsen.

Etterkvart som den nye, glade budskapet vart kjend i kundekretsen måndag føremiddag var gratulasjonane mange. og alle var samstemte: - Dette er vel fortent!

Uskedalingane er minst like stolte av butikken sin som leiinga og dei ansatte.

SPAR på Seimsfoss kom på andreplassen i service.

SPAR i Uskedalen fekk ein snittscore på 5,39 på ein skala som gjekk til 6 og på service åleine nådde dei heilt opp i 5,82.

Av Ola Matti Mathisen